



Til sokneråd, kyrkjelege fellesråd, prostar, bispedømeråd

Kyrkjevalet 2015

Fastsetjing av tilskot, valmodul/kandidatpresentasjon/ røystesetlar samt val for personar med "sjølvvalt sokn"

Tilskot frå Kyrkjerådet

Kyrkjerådet har tidlegare signalisert at tilskot til Kyrkjevalet 2015 vert på nivå med valet i 2011 (jf. rundskriv 2-2015). Sokna har no registrert sine valting i valmodulen, og nokre risikomoment knytte til det totale budsjettet for kyrkjevalet er no avklara. Kyrkjerådet er glad for å kunne fortelje at alle summene i fordelingsnøkkelen som følgje av dette har fått eit løft godt over indeksjustering. Kwart sokn vil få kr 10000 i grunnstøtte, og det vil i tillegg verte utbetalt kr 3 pr. røystefør medlem. Vidare vil det verte utbetalt kr 4300 pr. røystekrins i kommunen som overstig talet på sokn i kommunen. Dei sokna som gjennomfører valting to dagar får ein tilleggsstøtte på kr 2000, og dersom det er overskytande røystekrinsar som har val begge dagane vert også dette kompensert med kr 2000 pr. røystekrins. Bortsett frå oppjusteringa av alle summene er tildelingsnøkkelen tilsvarande den som vart nytta ved dei to førre vala.

Brev om tildeling vert no skrivne og vert sende ut snarleg. Tidspunktet for utbetaling av sjølve tilskotet er sett til 15. august. Røynsler tilseier at det er formålstenleg å ha eit visst tidsrom frå brev om tildeling vert sende ut og fram til utbetaling. Dette for å gjere det mogleg å melde tilbake om feil i registrerte kontonummer eller andre eventuelle feil i breva om tildeling.

Valmodulen og www.kyrkjevalet.no – røystesetlar

Alle kandidatlistar og registreringar av valting til trykking av valkorta er no dregne ut. Valmodulen vert likevel ikkje stengd for korrigeringar og suppleringar. Korrigeringar av tid og stad for valting samt kandidatlistar vil no ikkje kome med på valkorta, men opplysningane som vert lagde i valmodulen vert også vist på sidene med kandidatpresentasjon under www.kyrkjevalet.no. Desse sidene vert oppdaterte to gonger i døgeret mot databasen til valmodulen. Mange sokn har førebels ikkje nytta den delen av valmodulen som heiter «kandidatpresentasjon». Her kan informasjon om kandidatane leggjast inn i tillegg til bilete. Det er også mogleg å leggje til eller endre stillingstittel her. Kyrkjerådet oppmodar sokna til å leggje ut mest mogleg informasjon om kandidatane, slik at det vert enklare å orientere seg for dei som skal røyste. Det vil snart også verte mogleg å skrive ut røystesetlar til soknerådsvalla frå kvar einskild side med presentasjon av kandidatlistar.

Røystesetlar til dei elleve bispedøma vert i desse dagar lagde ut på nettsida til Kyrkjerådet. Direkte lenke til røystesetlane er www.kyrkja.no/roystesetel. Det vert også arbeidd med å få klargjort høvet til utskrift i valmodulen, men nokre uventa tekniske utfordringar har gjort det noko usikkert om røystesetlar til val av bispedømeråd vil kunne verte skrivne ut herifrå. Inntil vidare vert det vist til den nemnde lenka.


Val for røysteføre som har fått flytta medlemskapet til eit anna sokn enn heimstadsoknet («sjølvvalt sokn»)

Ved kvart val er det ein del medlemar som etter innvilga søknad frå biskopen mellombels får overført sin røysterett og valførleik til eit anna sokn, jf. kyrkelova § 4 andre ledd. Det er det soknet som ønskjer å få tilført medlemen som søker om flyttinga. Det er også dette soknet som har ansvaret for at personen vert flytta i medlemsregisteret. Ordninga med «sjølvvalt sokn» korresponderer dårleg med ordninga med at ein skal kunne røyste nær der ein røystar til kommunestyre- og fylkestingsvalet. Dei som no har fått overført sin røysterett til «sjølvvalt sokn», får opplyst på valkortet at dei kan røyste i den røystekrinsen dei høyrer til. Dette vil i praksis bli svært vanskeleg å gjennomføre, fordi det kan verte umogleg for valstyra å få innhenta røystesetlane før oppteljinga skal setjast i gang. **Vi ber difor alle sokna som har fått tilført medlemar som bur i andre sokn, om å kontakte desse og be dei om å førehandsrøyste.**

Til slutt vil vi også nemne at kandidatar til val framleis kan sitje i valstyre/røystestyre, sjølv om reglane for val av kommunestyre er endra på dette punktet.

Oslo, 2. juli 2015


Gerd Karin Røsæg
fung. direktør


Anders Backer-Grøndahl Eide
seniorrådgjevar (prosjektleder Kyrkjevalet 2015)